

Flåm Guideservice AS, driv primært med guida turar for mindre grupper med FjordSafari i opne båtar i Nærøyfjorden Verdsarvsområde og med guida vandreturar frakta ut med 9 setar bilar i området rundt.

Vår visjon, sidan 2005, er «Get Closer to Nature» Å by gjestene opplevingar der ein kjem nærmare naturen både på fjord og på land.

Med bil fraktar me gjestene ut til ulike stadar rundt i fjellsidene rundt fjorden, der me vandrar til utsiktspunkt, stolar, fossefall og sjåverdigheter. Bilen står i hovudsak på start / sluttspunkt der me vandrar i frå. Me har 30 minuttar margin på når me er tilbake i Flåm, då gjestene har varierende fart i terrenget og fast tidspunkt er uråd å sette.

Transporten er ein liten del av total produktet, det som grunnen til kunden kjøper turar av oss er den guida opplevinga i Naturen.

Tur booking er i hovudsak basert på at me samlar fleire par og einskilde frå dei ulike overnattingsplassane og operatørar i område slik at me får relativt godt belegg totalt. Men det er og ei utfordring økonomisk då turane alltid går sjølv med ein gjest. Store delar av marknaden vår er internasjonale reisande og me har samarbeidsavtalar med operatørar både nasjonalt og internasjonalt.

Me satsar stort på heilårs aktivitet og det tek tid å bygge opp naudsynt gjeste tal for å få god økonomi i denne produksjon.

Eksempelvis har me trugetur til Høgåsen over Stegastein, der me går på truger ut frå krysset til Bjørgo der bilen vert ståande. Prisen me har funne salbar per gjest er 750,- inklusiv mva for ein trugetur.

Bilturen opp frå Flåm til Bjørgo tek om lag 30minuttar og er på vel 18km.

Vår direkte kostnad for turen: 3 timar for guiden, turproviant, slitasje truger, drivstoff(150,-) er om lag 1300,-

Om me skulle hatt taxi dit er det i følge taxi kalkulatoren, ein tur for å køyre ut og ein for henting; 2x 535,- =1070,-. Over ei dobling av kostnaden.

Det ikkje høve til å nytte taxi då det vert eit reint tapsprodukt, og ein må ha minst 4 gjester på turen for å gå i null.

Men med minimum 4 personar når ein skal booke, vil det meste av kundegrunnlaget falle vekk. Då kan me i vinterhalvåret ikkje ha fast tilsette guidar slik me har i dag, men kunn basere oss på tilkalling.

Om det er større grupper nyttar me andre lokale taxi selskap slik at me får ein vinn-vinn situasjon der me skapar eit nytt marknad for taxi næringa som ikkje var der før.

Per i dag har me over 20 turar bestilt hjå den lokale taxien for vandreturar med større grupper, sommarsesongen 2018 og det vert fleire. Det og er ein del gjester som nyttar taxi til og frå vår aktivitet som har start og stopp i Flåm.

I mange høve er det økonomisk umogleg å få til småskala reiseliv på denne måten om me ikkje får løyvefritak. Og moglegheitene for utvikling av småskala reiseliv samt nytt marknad for taxinæringa vil gå tapt.

Me ser med frykt og vantru på artikkelen i Sogn Avis den 5/4-18 at Skaldegard har fått avslag på sin søknad om løyvefritak.

Fleire små reiselivsverksemder frakta sølv sine egne gjester i god tru i dag, slik som me har gjort.

Dei som ligg slik til med korte avstandar, vil taxi transport fortsett fungera godt. Noko er såpass store at dei kan eventuelt ordne seg med turvognløyve. Men for fleire reiselivsverksemder må det løyvefritakt til for å få denne transporten vert lovleg og for lønsam drift. Med ein positiv haldning frå Fylkeskommunen om løyvefritak, vil dette ordne seg sjølv.

Men om Sogn og Fjordane Fylkeskommunen og Taxi Forbundet held seg negative til løyvefritak, vil eg sei at dei motarbeidar småskala reiseliv.

Då ser ein ikkje moglegheitene for utvikling av gode arbeidsplassar i småskala reiseliv og nytt marknad for taxinæringa der småskala reiseliv fristar til seg større grupper til sine aktivitetar.

Om ikkje Fylkeskommunen føl moglegheitene til som er lagt til rette frå Samferdsledepartementet me løyvefritak, risikerar ein at fleire små aktørar i reiselivet gi opp og bygdene vil lide.

Om ein ser til Troms vil ein så at det er over 30 løyvefritak som er gitt og turismen har blomstra med. Ta kontakt med Troms Fylkeskommunen Ronald Pedersen på tlf. 77 78 81 82, for korleis det dette har fungert der.

(Rundskriv N-7/2017 - dispensasjon etter yrkestransportloven § 21 – løyvefritak for småskala turistvirksomhet. Rundskriv | Dato: 20.11.2017)